



SAKSHANDSAMAR  
Ingunn Beyer Hansen og Eline Ova Sveen

VÅR DATO  
16.05.2024

postmottak@ra.no

VÅR REF.  
21/03318-15

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

Se mottakerliste

# Sandviksbodene 12-24 – gnr. 168/bnr. 332 mfl. – Bergen kommune – vedtak om freding



*Sandviksbod 12 – 24 sett frå Kristiansholm. Foto: Øystein Monsen, Vestland fylkeskommune*

Vi viser til fredingsforslag frå Vestland fylkeskommune for Sandviksboder 12–24 – gnr. 168, bnr. 332 m. fl., i Bergen kommune, datert 20.06. 2023, som har vore på høyring hos partar og instansar dette gjeld. Vi viser òg til at Sandviksbodene nr. 15–17, 19–21, 23 og 24 har vore mellombels freda frå 1992.

På grunnlag av dette gjer Riksantikvaren følgjande vedtak:

## Vedtak om freding

Riksantikvaren fredar Sandviksbodene 12–24, gnr. 168, bnr. 332-342, 391, 395, 1905, 1997, 1998, 1963 i Bergen kommune.

Fredinga blir gjord med heimel i lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminnelova) §§ 15 og 19.

Med dette vedtak opphevast mellombels freding datert 24. juni 1992.

## Formålet med fredinga

### Formålet med fredinga etter kulturminnelova § 15

Fredinga skal sikre Sandviksbodene 12–24 som eit bygningshistorisk, arkitektonisk og kulturhistorisk viktig eksempel på eit sjøbumiljø knytt til den bergenske nærings- og handelsverksemda. Fiskenæringa og den internasjonale handelen knytt til Bergens hamn og sjøbumiljø har hatt stor betydning for Noregs økonomiske framvekst og identitet. Verksemda ved sjøbuene var størst frå 1600-talet fram til midten av 1900-talet, og føremålet med fredinga er å bevare kulturmiljøet som eksempel på eit sjøbumiljø frå denne perioden.

Fredinga skal sikre einskildbygningane og dei kulturhistoriske verdiane som er knytt til kulturmiljøet som heilskap.

Fredinga skal bidra til å:

- sikre at kulturhistoriske og arkitektoniske verdiar ved kulturminna og kulturmiljøet blir bevarte
- sikre at spor etter verksemda knytt til bygningane som er av historisk, teknologisk, arkitektonisk eller vitskapleg verdi, blir bevarte
- sikre kulturmiljøet som kjelde til kunnskap om betydinga og utviklinga av den bergenske nærings- og handelsverksemda frå 1600-talet og fram til midten av 1900-talet
- bevare opphavslege og eldre strukturar, ombyggingstrekk, konstruksjonar, element knytt til kulturminna som uttrykk for ei historisk utvikling fram til midten av 1900-talet

- bevare eksteriøret til kulturminna med hovudstruktur og detaljar, opphavelage/eldre vindaug og dører, materialbruk og overflatar på fasadane
- bevare interiøra til kulturminna med rominndeling, bygningsdelar og overflatar som har kulturhistorisk eller arkitektonisk interesse innanfor omfanget av fredinga.
- bevare fast inventar som ein integrert del av byggverket


## Formålet med fredinga etter § 19

Fredinga av området rundt Sandviksbodene 12–24 etter kulturminnelova § 19 skal bidra til å:

- bevare verknaden av kulturminna i miljøet dei ligg i
- sikre den innbyrdes, visuelle og funksjonelle samanhengen mellom byggverka, sjøen og uteområda, og sikre open kontakt mellom bygningane og sjøen
- beskytte vitenskaplege interesser som knyter seg til kulturmiljøet, dette gjeld óg for sjøbotnen.

## Omfanget av fredinga

Fredinga omfattar kulturminna og områda som er lista opp og merka på kartet:



Kart over området med freda Sandviksboder 12–24 på gardsnummer 168.

## Fredinga etter kulturminnelova § 15 omfattar:

| Namn på objekt             | Kulturminne-ID | Gnr./bnr. | Bygningsnr. | Omfang                       |
|----------------------------|----------------|-----------|-------------|------------------------------|
| Sandviksbodene<br>12–13    | 91811-12       | 168/332   | 139326962   | Eksteriør/del<br>av interiør |
| Sandviksbodene<br>15 A     | 91811-1        | 168/334   | 139326970   | Eksteriør/del<br>av interiør |
| Sandviksbodene<br>15 B     | 91811-2        | 168/334   | 139326970   | Eksteriør/del<br>av interiør |
| Sandviksbodene<br>16       | 91811-3        | 168/335   | 139326989   | Eksteriør/del<br>av interiør |
| Sandviksbodene<br>17       | 91811-4        | 168/336   | 139326997   | Eksteriør/del<br>av interiør |
| Sandviksbodene<br>19 A     | 91811-5        | 168/338   | 139327004   | Eksteriør/del<br>av interiør |
| Sandviksbodene<br>19 B     | 91811-6        | 168/338   | 139327004   | Eksteriør/del<br>av interiør |
| Sandviksbodene<br>20       | 91811-7        | 168/339   | 139327012   | Eksteriør/del<br>av interiør |
| Sandviksbodene<br>21       | 91811-8        | 168/1905  | 139817486   | Eksteriør                    |
| Sandviksbodene<br>23       | 91811-9        | 168/340   | 13915202    | Eksteriør/del<br>av interiør |
| Sandviksbodene<br>23 naust | 91811-10       | 168/340   | 13915202    | Eksteriør/del<br>av interiør |
| Sandviksbodene<br>24       | 91811-11       | 168/341   | 13915210    | Eksteriør/del<br>av interiør |

Fredinga av bygningane inkluderer:

Eksteriør og interiør: konstruksjon, innvendige bereveggar, hovudelement som fasade (komposisjon), planløyning og rominndeling, materialbruk, overflater og overflatebehandling i tillegg til bygningsdelar som vindauge og dører, gerikter, listverk og detaljar som skilt og dekor.

Omfanget av kva som er freda av interiøra går fram av vedlagte romlister og planteikningar.

## Områdefredinga etter kulturminnelova § 19 omfattar:

| Namn på område             | Kulturminne-ID | Gnr./bnr.        |
|----------------------------|----------------|------------------|
| Del av Kristiansholm       | 91811-13       | 168/391, 395     |
| Sandviksbodene 25          | 91811-13       | 168/342          |
| 5 teigar                   | 91811-13       | 168/118 og 1963  |
| Sandviksbodene 26          | 91811-13       | 168/343          |
| Del av Sjøgaten            | 91811-13       | 168/2127         |
| Dråpefall v/Svb21          | 91811-13       | 168/339          |
| 2 teigar/Sandviksbodene 18 | 91811-13       | 168/337          |
| «Tangen»                   | 91811-13       | 168/1997 og 1998 |
| Sandviksbodene 14          | 91811-13       | 168/333          |

Avgrensinga av områdefredinga strekk seg frå Sandviksvegen i aust mot vest, om lag 240 meter ut i hamnebassenget. I nord går områdefredinga frå kaia på Kristiansholm og strekk seg om lag 170 meter sørover, og inkluderar "Tangen" og hamnebassenget.

Fredinga inkluderer:

- uteområda omkring sjøbuene
- bygningar som ikkje er omfatta av fredinga etter kml § 15
- heile utfyllinga "Tangen" med kai og konstruksjonar
- hamnebassenget vest for kulturmiljøet

## Føresegner i kulturminnelova som gjeld for dei freda kulturminna

Fredingsføresegna gjeld eksteriør og interiør for dei freda kulturminna samd områda slik dei er skildra i fredingsomfanget ovanfor. I tillegg til fredingsføresegnene under gjeld kulturminnelova §§ 15a, 16, 17, 18, 19 tredje ledd, og 21. I tillegg gjeld òg forskrift om fastsetting av mynde mv. etter kulturminnelova.

## Særskilde føresegner etter kulturminnelova § 15

Kulturmiljøet skal handsamast og forvaltast på ein slik måte at dei kulturhistoriske, bygningshistoriske og arkitektoniske verdiane dei representerer, blir tekne i vare. Ein kan søkje om dispensasjon til å føre kulturminna tilbake til opphaveleg eller tidlegare tilstand eller utsjånad. Føresetnaden er at tiltaket kan gjerast på eit sikkert, dokumentert grunnlag eller med utgangspunkt i historiske spor.

Det er ikkje høve til å gjere inngrep i freda kulturmiljø. Med inngrep er det meint:

- a) å rive, flytte, bygge om, endre, forandre materialar eller fargar eller gjere andre endringar som går ut over vanleg vedlikehald eller ordinær skjøtsel
- b) å skifte ut bygningsselement, konstruksjonselement, material eller endre overflater oppsetting av større skilt- og reklameinnretningar på yttervegg
- c) tiltak som endrar opphavelig utforming og historiske spor, eller som reduserer dei kulturhistoriske verdiane.

## **Særskilde føresegner etter kulturminnelova § 19**

Innanfor det freda området skal det ikkje skje ferdsel eller verksemd som kan motverke føremålet med fredinga etter §15.

Med ferdsel er det meint motorisert ferdsel både på land og i sjø som kan skade det freda område og bygningane.

Med verksemd er det meint:

- a) alle former for nye bygg og anlegg som vil motverke føremålet med fredinga
- b) å rive, flytte, skade, fjerne eller endre konstruksjonar, objekt, strukturar som er viktig for opplevinga av det freda kulturmiljøet
- c) etablering og utviding av veg eller parkeringsplass
- d) oppsetting av gjerde, fastmonterte skilt og andre faste installasjonar
- e) endring av strukturar, konstruksjon eller belegg
- f) planering, utfylling, tildekking, uttak av massar, graving i grunnen, grøfting og andre landskapsinngrep
- g) tiltak i sjø, til dømes mudring, dumping av massar eller etablering av brygger

Etter søknad kan det bli gjeve løyve til følgjande tiltak, som på førehand må være godkjend av Vestland fylkeskommune:

- Riving av bygning aust for Sandviksbodene 12–13, bygningsnummer 139852575, gnr. 168 bnr. 333/del av bnr. 332. Tiltak på tomta må ikkje vere i konflikt med føremålet med fredinga, jf. pkt. a)
- Ombygging av eksisterande konstruksjonar på «Tangen» innanfor same grunnflate
- Riving av eksisterande konstruksjonar på «Tangen», 168/1997 og 168/1998
- Utbetring av kaianlegg på «Tangen», gnr. 168 bnr. 1997
- Etablering av molo/bølgebrytar i samband med veteranbåthamn knytt til verksemda til Bergen Kystkultursenter og Norges Fiskerimuseum. Reetablering av hopar, det vil seie opne sjøkanalar mellom og på baksida av dei freda bygningane

## Dispensasjon frå fredinga

Fredinga medfører at det må søkast om løyve i forkant av alle typar tiltak som går utover vanleg vedlikehald, jf. kulturminnelova § 15 a og § 19 tredje ledd. Like eins, oppstår det tvil om kva som blir rekna som vanleg vedlikehald, skal ein kontakte fylkeskommunen på førehand.

Fylkeskommunen kan i særlege høve gje dispensasjon, ev. på visse vilkår, frå vedtak om freding for tiltak som ikkje fører med seg vesentlege inngrep.

Tiltak som eigar har fått dispensasjon til, vil i enkelte tilfelle også krevje løyve etter plan- og bygningslova. Eigar må avklare dette med kommunen.

Meir informasjon om dispensasjon, vedlikehald og skjøtsel finst i Riksantikvarens retningslinjer for dispensasjonsbehandling (sjå [Riksantikvarens nettsider](#)).

## Tiltak som kan gjennomførast utan dispensasjon frå fredinga

Vanleg vedlikehald/ordinær skjøtsel kan gjennomførast utan dispensasjon frå fredinga:

For byggverk:

Med vanleg vedlikehald er det meint rutinemessig arbeid på byggverk for å halde tilstanden til kulturminna ved like, for eksempel overflatebehandling og reparasjon av bygningselement i samsvar med opphøveleg eller eksisterande teknikk, utføring og materialbruk.

For uteområda:

Med ordinær skjøtsel er det meint rutinemessig arbeid som er nødvendig for å halde ved like ein ønskt tilstand, hindre forfall som kjem av slitasje, og som tek føremålet med fredinga i vare.

Mindre reparasjonar av element i uteområde som trappeheller, kai, murar og gjerde er å rekne for vanleg vedlikehald og skal skje i samsvar med opphøveleg eller eksisterande teknikk, utføring og materialbruk.

## Forvaltingsplan

Det kan i samarbeid med fylkeskommunen utarbeidast ein forvaltingsplan for dei freda kulturminna og det freda området, inkludert område i sjø. Forvaltingsplan skal rullerast ved behov.

# Grunngjeving for vedtaket

## Kulturminna freda etter kulturminnelova § 15

Som det største og best bevarte miljøet av attverande bergenske sjøbuer peikar Sandviksbodene 12–24 seg ut som særleg verdifulle. Sjøbuene har kulturhistorisk og arkitektonisk verdi i eit nasjonalt perspektiv.

### *Den historiske rolla til sjøbuene i Bergen*

Funksjonen som stapelhamn og knutepunkt i det nordeuropeiske handelsnettverket var gjennom mange hundreår det økonomiske grunnlaget for Bergen, og hadde difor òg ei viktig rolle for busetnad og næringsliv i store delar av Kyst-Noreg. Gjennom funksjonen som lager for eksport- og importvarar er sjøbuene eit direkte vitnesbyrd om denne historia. Bruken av buene har endra seg gjennom historia, frå handelsverksemda på andre halvta av 1600-talet fram mot slutten av 1800-talet avløyst av ymse nærings- og handverksverksemd fram til dagens blanda bruk. Dette syner seg i bygningsmessige endringar som har vore både konstruktive og funksjonelle. For å få friare planløysingar har dei opphavelege lafta romma blitt opna opp ved hjelp av reisverkskonstruksjonar, fleire vindauge, i tillegg til det naudsynte vedlikehaldet av bolverk og fundamentar. Frå midten av 1900-talet og etter andre verdskrig var den tradisjonelle bruken av sjøbumiljøet i stor grad minkande, og er i dag nærast avvikla. Verksemda i Sandvikens sjøhus og sjøbuer var størst i perioden frå 1600-talet og opp til midten av 1900-talet, og føremålet med fredinga er difor avgrensa til denne perioden.

Mindre enn ein femtedel av sjøbuene i Sandviken står att i dag. Desse sjøbuene er hamnetekniske kulturminne av internasjonalt format, og har nasjonal kulturmiljøverdi.

### *Representativitet, kunnskapsverdi*

Til grunn for fredinga av Sandviksbodene 12–24 ligg dei kulturhistoriske og arkitektoniske verdiane til bygningsmiljøet. Desse bygningane er den største samla gruppa av sjøhus som i dag er igjen i Sandviken, og utgjer – ved sida av Bryggen – det største intakte samanhengande miljøet av bergenske sjøhus.

### *Identitetsverdi*

I mange norske kystbyar har lagerbygg knytt til fiskeri og sjøvegs handel vore eit sentralt innslag, samstundes som dei i kvar by hadde sine arkitektoniske og bruksmessige særtrekk. Sandviksbodene 12–24 peikar seg ut i nasjonal samanheng som eit stort og godt bevart sjøhusmiljø. Fleire av bygningane har ein sær høg alder, og er med på å styrke stadsidentiteten til Bergen by.

### *Bygningshistorisk verdi*

Sandviksbodene 12–24 har ei heilskapleg framtoning, prega av den bergenske trebyggeskikken frå 17- og 1800-talet. Samstundes er det stor variasjon på detaljnivå. I bygningstypar og byggemåtar finn ein fleire karakteristiske variantar av den bergenske

sjøbuarkitekturen. Med eit aldersspenn på over to hundre år og spor etter mange ombyggingar, har både bygningsmiljøet under eitt og dei einskilde bygningane stor tidsdjupne og høg bygningshistorisk verdi.

### ***Opplevingsverdi***

Fleire av buene er arkitektonisk interessante, med gode proporsjonar og sirlege detaljar. Restane av måla innvendig veggdekor er kunst- og arkitekturhistorisk verdifulle og sjeldsynte. Dei mange inskripsjonane som er måla, teikna eller rissa inn i tømmerveggene er verdifulle spor etter kvardagslivet i bygningane.

Buene har etter kvart blitt meir landfaste, og mange av hopane er attfylte. I tillegg til dei konstruktive og funksjonelle endringane av sjølve bygningane, har difor også omgjevnadene endra seg. Trass i desse endringane gjev bygningane og dei nære omgjevnadene eit godt inntrykk av korleis bygningane har vore brukt gjennom historia. Romma mellom bygningane er i dag for det meste allment tilgjengelege, og er med på å sikre ein viktig visuell og funksjonell kontakt med sjøen.

Sandviksbodene 15, 16, 17, 20, 23 og 24 er i kommunalt eige. Desse sjøhusa er leigde ut til Bergen Kystkultursenter og Norges Fiskerimuseum, begge funksjonar knytt til maritim verksemd, og med føremål om å spreie kunnskap om historia om bruken av sjøbuene.

### ***Autentisitet, originalitet***

Mykje originals substans frå bygninganes opphavslege tilstand er bevart, mellom anna konstruktive element som lafteverk og stolpe- dragarkonstruksjonar. Nyare, vesentlege ombyggingar kan lesast, og har sin eigen autentisitet i behald. Seinare endringar, fram til første del av 1900-talet, er kulturhistorisk verdifulle.

### ***Bruksverdi***

Sandviksbodene 12–24 er jamt over i god teknisk og bruksmessig stand. Både dei privateigde og dei kommunalt eigde bygningane eignar seg til variert bruk, som lager, selskapslokale, matservering, museum, utstilling, verkstad, og bustad. Eit variert bruksområde er slik med på å sikre verneverdiane til sjøbuene.

## **Område freda etter kulturminnelova § 19**

Områdefredinga rundt Sandviksbodene 12–24, vil bidra til å sikre ein viktig visuell og funksjonell kontakt mellom kulturmiljøet og sjøen. Områdefredinga vil vere med på å gjere bygningsmiljøet leseleg, både frå sjøsida og frå landsida.

## **Skildring av Sandviksbodene 12–24**

Sandviksbodene 12–24 utgjer eit sjøhusmiljø på fire grupper av sjøbuer og naust i Sandviken i Bergen, bygde mellom ca. 1672 og 1892. Sjøbuene har opphavsleg vore pakkhus for handelsvarer, som korn og salt, men har òg vore brukt i samband med

framstilling av tørrfisk, klippfisk, tran og rogn. Seinare har buene vore nytta som produksjonslokale for sjøretta handverksverksemd, som seglmakarar, bøkkarar og blokkmakarar. Nokre av bygningane har vore nytta som naust; til lagring av båtar og anna utstyr.

Sandviksbodene 12–24 har opphavelig lege med sjø på nær alle kantar. Strandlinja går i nord- sør retning, og dannar ei bukt mellom Skoltegrunnskaie i sør og Hegreneset i nord. Desse buene er i dag den største samla gruppa som er att av sjøbuer i Sandviken, der det no er om lag 30 buer som er bevart. Bak pakkhus og naust, på den andre sida av Sjøgaten, ligg framleis små grender frå 17- og 1800-talet. Mellom denne eldre busetnaden og Sandviksfjellet ligg blanda busetnad, det meste frå mellomkrigstida. Pakkhusa som no er forsvunne i brann, ved riving eller krigshendingar, er for det meste erstatta av kontor- og forretningsbygg, og ope parkerings- og lagerareal.

Sjøbuene i Sandviken vart i det vesentlege bygde på same måten gjennom to hundre år, frå dei eldste kjende frå midten av 1600-talet og fram til slutten av 1800-talet. Dei er bygde av lafta tømmer i to eller tre etasjar, og har i kvar etasje fleire nokolunde kvadratiske lagerrom lagt på rekke, med dører til ein svalgang som går langs den eine langsida. Lagerromma varierer i storleik frå ca. 4 x 4 meter til opp mot 7 x 7 meter. Særleg i dei større romma er det vanleg med eit supplerande beresystem av ein eller to stolpar midt i rommet, som ber langsgåande dragarar. Svala er stort sett lafta i første etasje og bygd av stolpeverk i dei øvre etasjane.

For nærare skildring av kulturminna viser vi til vedlagt dokumentasjon.

## Tilstand

Det er i regi av Vestland fylkeskommune gjennomført tilstandsregistrering av kulturminna freda etter § 15. Den fullstendige tilstandsregistreringa for private kulturminne er unnateken offentlegheita, etter offentleglova § 13 første ledd, jf. forvaltningslova § 13 første ledd.

Tilstandsgraden er vurdert til TG1, det vil seie 'ordinært tiltaksbehov'. Tilstandsgradane tyder følgjande:

TG0: Ingen tiltak nødvendig

**TG 1: Ordinært tiltaksbehov**

TG 2: Moderat tiltaksbehov

TG 3: Betydelig tiltaksbehov

TG 9: Ukjent/ikkje registrert

| <b>Freda bygning</b> | <b>Kulturminne-</b> | <b>Tilstand</b> | <b>Dato</b> |
|----------------------|---------------------|-----------------|-------------|
| Sandviksbodene 15 A  | 91811-1             | TG 1            | 07.03.2023  |
| Sandviksbodene 15 B  | 91811-2             | TG 1            | 07.03.2023  |
| Sandviksbodene 16    | 91811-3             | TG 1            | 07.03.2023  |
| Sandviksbodene 17    | 91811-4             | TG 1            | 07.03.2023  |
| Sandviksbodene 19 A  | 91811-5             | TG 1            | 18.12.2018  |
| Sandviksbodene 19 B  | 91811-6             | TG 1            | 17.06.2016  |
| Sandviksbodene 20    | 91811-7             | TG 1            | 07.03.2023  |
| Sandviksbodene 21    | 91811-8             | TG 1            | 25.04.2018  |
| Sandviksbodene 23    | 91811-9             | TG 1            | 07.03.2023  |
| Sandviksbodene 23    | 91811-10            | TG 1            | 07.03.2023  |
| Sandviksbodene 24    | 91811-11            | TG 1            | 07.03.2023  |
| Sandviksbodene 12-13 | 91811-12            | TG 1            | 07.03.2023  |

## Eigendomsforhold

| <b>Freda bygning</b> | <b>Bygningsn</b> | <b>Kulturminn</b> | <b>Eigar</b>              |
|----------------------|------------------|-------------------|---------------------------|
| Sandviksbodene 15 A  | 139326970        | 91811-1           | Bergen kommune            |
| Sandviksbodene 15 B  | 139326970        | 91811-2           | Bergen kommune            |
| Sandviksbodene 16    | 139326989        | 91811-3           | Bergen kommune            |
| Sandviksbodene 17    | 139326997        | 91811-4           | Bergen kommune            |
| Sandviksbodene 19 A  | 139327004        | 91811-5           | Inger Marit Saastad, John |
| Sandviksbodene 19 B  | 139327004        | 91811-6           | Inger Marit Saastad, John |
| Sandviksbodene 20    | 139327012        | 91811-7           | Bergen kommune            |
| Sandviksbodene 21    | 139817486        | 91811-8           | Karstein B Vågenes AS     |
| Sandviksbodene 23    | 13915202         | 91811-9           | Bergen kommune            |
| Sandviksbodene 23    | 13915202         | 91811-10          | Bergen kommune            |
| Sandviksbodene 24    | 13915210         | 91811-11          | Bergen kommune            |
| Sandviksbodene 12-13 | 139326962        | 91811-12          | Grevstad Eiendom          |

## Riksantikvarens mynde

Myndet til å gjere fredingsvedtak etter kulturminnelova §§ 15 og 19 er delegert frå Klima- og miljødepartementet til Riksantikvaren, jf. forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminnelova § 2 (4).

Fredinga gjerast etter særskilde reglar om sakshandsaming jf. kulturminnelova § 22.

# Forholdet til anna lovverk

## Naturmangfaldlova

Som ein del av saksutgreiinga skal det vurderast om vedtaket er av slik karakter at det kan utgjere risiko for skade på naturmangfaldet. Dette følgjer av naturmangfaldlova §§ 8-12, jf.

Det er gjort søk i Artsdatabankens Artskart og Miljødirektoratets Naturbase den 05.02.2023 for å sikre at avgjerda byggjer på tilstrekkeleg kunnskap. Innanfor området omfatta av freding etter

§ 19 er det registrert følgjande sårbare eller trua arter:

- Hettemåke, kritisk trua
- Fiskemåke, sårbar
- Ærfugl, sårbar

Det kan vere fleire sårbare eller trua artar av fugl og fisk innanfor fredingsområdet som ikkje er presist kartfesta i Artsdatabanken. Vi finn likevel at fredinga ikkje vil påverke naturmangfaldet i negativ retning. Det er ikkje registrert andre særskilt verneverdige naturtypar eller naturområde.

## Plan- og bygningslova

Gjeldande reguleringsplan er frå 26.10.1998, plan-ID: 4601\_8150000. Dei aktuelle sjøbuene, hamneområdet og sjøareal utanfor sjøbuene ligg her i spesialområde bevaring. Område-reguleringsplan for Kristiansholm, Sandvikstorget og Rosegrenden, plan-ID 1201\_61690000, er på fredingstidspunktet lagt ut til offentleg ettersyn. Sandviksbodene 12–24 ligg i omsynssone H\_730 Bandlegging etter kulturminnelova; aust og sør for Sandviksbodene 12–13 i omsynssone H\_570 Bevaring kulturmiljø.

Sandviksbodene 12–24 ligg i KULA-område K74 – Kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Dei nasjonale interessene er knytt til dei tekniske kulturminna i form av sjøhus, lystgardar og det tidlege urbane trehusområdet i Sandviken.

## Praktisk informasjon

### Kontaktinformasjon

Det er Vestland fylkeskommune som har ansvaret for forvaltninga av freda byggverk, anlegg og område. Fylkeskommunen svarer også på spørsmål om fredinga og handsamar søknader om dispensasjonar og tilskot.

Fylkeskommunen kan kontaktast på e-post: [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller på telefon 05557.  
Postadresse: Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen.  
Besøksadresse Bergen: Lars Hilles gate 22. Heimeside: [www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no).

## **Ansvar for vedlikehald**

Eigar eller brukar har ansvar for vedlikehald av dei freda kulturminna og det freda området.

## **Økonomiske tilskot**

Det er høve til å søkje fylkeskommunen om tilskot til meirkostnader som følgjer av krav til antikvarisk utføring ved sikring, istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne. For område freda etter kulturminnelova § 19 er det normalt ikkje rett på tilskot. Meir informasjon om tilskot finst på [Riksantikvarens nettsider](#) eller får de ved å kontakte relevant fylkeskommune.

Det blir normalt ikkje gjeve tilskot til freda kulturminne som museum eller det offentlege eig.

## **Bakgrunnen for fredingssaka**

Til grunn for vedtak om freding ligg Vestland fylkeskommunes og Riksantikvarens vurdering av Sandviksboder 12-24 som et nasjonalt verneverdig kulturmiljø.

Fredinga er i samsvar med Riksantikvarens fredingsstrategi, kor bevaring av kulturmiljø knytt til handel, industriverksemd, kystfiske og foredling er prioriterte tema.

Fredinga vil òg vere i samsvar med kulturmiljøforvaltningas bevaringsstrategi som er under utarbeiding, med mål om å bevare kystens kulturmiljø.

## **Mellombels freding**

Sandviksbodene 15–24 vart mellombels freda jf. kulturminnelova § nr. 4, av Hordaland fylkeskommune 24.06.1992. Til grunn for mellombels freding låg behovet for å hindre at det særeigne Sandviksbodmiljøet skulle verte forringa før aktive planar for området kunne sikre det i framtida.

Mellombels freding av 24. juni 1992 er oppheva ved vedtak om freding.

## **Sakshistorikk**

Hordaland fylkeskommune sendte oppstartsmelding om ordinær freding fyste gong 18.12.2013. På grunn av mangel på kapasitet hos fylkeskommunen vart ikkje saka følgd opp.

## Melding om oppstart av fredingssak

Eigarar, kommunen og Bergen og Omland havnevesen fekk i brev av 26.05.2021 frå Vestland fylkeskommune melding om oppstart av fredingssak, jf. kulturminnelova § 22 nr. 1. Melding om oppstart blei samtidig kunngjord i avisene Bergens Tidende, BA Bergensavisen, og Norsk Lysingsblad.

Det blei gjeve ein frist til 31.08. 2021 til å komme med merknadar.

## Merknader med kommentarar frå fylkeskommunen

Det kom innspel frå private eigarar datert 21.08.2021.

Det kom òg inn eit samla skriftleg innspel datert 21.11.2022, frå Bergen Kystkultursenter og Norges Fiskerimuseum. Kystkultursenteret og Fiskerimuseet er leigetakarar av Sandviksbodene 15-17, 20 og 23-24. Vestland fylkeskommune har vurdert dei innkomne merknadane frå leigetakar sjølv om dei kom inn etter fristen.

| Avsendar   | Merknad   | Fylkeskommunen sin handsaming av merknad etter varsel   |
|--|---|---|
| Inger Marit Saastad og John Audun Hauge 21.08.2021 | Saastad og Hauge har sjølv lagd alt inventar i buene etter 1989. Denne prosessen er ikkje slutført, og dei meiner det vil vere dumt om desse arbeida blir ein del av fredinga | I interiøra er det rominndeling, bygningsdelar og overflater som er av kulturhistorisk eller arkitektonisk interesse fram til midten av 1900-talet som fredinga skal bidra til å sikre, ikkje nyare tilføringar. Omfanget er spesifisert i romliste i fredingsdokumentasjon del 2 (unntatt frå innsyn). |
| Inger Marit Saastad og John Audun Hauge 21.08.2021 | Saastad og Hauge ønsker økonomisk tilskot til dekking av utlegg til drift av eksisterande varslings- og sprinkleranlegg, gjerne som ein eigen budsjettpost.                   | Riksantikvarens tilskotsordningar kan gje tilskot til installasjon av brannsikringsanlegg, men desse ordningane dekker ikkje kostnader til drift og vedlikehald av anlegga.   |

|   |   |   |
|---|---|---|
| <p>Norges<br/>Fiskerimuseum<br/>/Bergen<br/>Kystkultursenter<br/>21.11.2022</p> | <p>Den planlagde steinmoloen frå Kristiansholm og sørover vil være avgjerande for vidare drift og utvikling av aktivitetane i hamna og buene.</p>   | <p>Ein molo eller bølgebrytar vil vere positivt for hamneaktiviteten i Sjøflyhamna, og vil kunne vere med på å beskytte bygningane mot skadar forårsaka av bølger og drivved frå fjorden. Vi legg til grunn at bruken er øyremerka fartøy knytt til drifta av Kystkultursenteret / museet, og ikkje for båtar frå det planlagde bustadområdet på Kristiansholm.</p>   |
| <p>Norges<br/>Fiskerimuseum<br/>/Bergen<br/>Kystkultursenter<br/>21.11.2022</p> | <p>Det vil bli behov for enkelte mindre bygg eller faste installasjonar på uteområdet</p>   | <p>Det er i dag ein verkstad på om lag 20 m<sup>2</sup> og eit naust på om lag 120 m<sup>2</sup> på «Tangen». Desse bygningane er av nyare dato, og er ikkje foreslått freda etter kulturminnelova § 15. «Tangen» er ein del av arealet som er foreslått områdefreda etter kulturminnelova § 19, for å bevare verknaden av sjøbuene i miljøet. Oppføring av byggverk mellom dei freda bygningane og sjøen vil kunne vere i konflikt med kulturminneverdiane og grunnlaget for fredinga. Mindre tekniske installasjonar vil kunne vurderast så lenge dei ikkje kjem i konflikt med fredingsformålet.</p> |
| <p>Norges<br/>Fiskerimuseum<br/>/Bergen<br/>Kystkultursenter<br/>21.11.2022</p> | <p>Det vil bli behov for flytande installasjonar i sjø, som flytebrygger og bøyer. Det er viktig at ei områdefreding ikkje legg unødvendig avgrensingar på framtidig utviklingsbehov.</p> | <p>Bøyer og andre reversible installasjonar i sjø knytt til fartøya Kystkultursenteret / museet disponerer over, vil i avgrensa omfang ikkje vere i konflikt med områdefredinga.</p>  |

|   |   |   |
|---|---|---|
| <p>Norges<br/>Fiskerimuseum<br/>/Bergen<br/>Kystkultursenter<br/>21.11.2022</p> | <p>Om moloen og funksjonar:<br/>For å oppnå dei måla samfunnet forventar når det vert brukt store ressursar på fartøyvern og formidling, er det viktig med beskytta hamner.<br/>Bystyret i Bergen har peikt ut Kystkultursenterets hamn som ein av dei viktigaste til denne bruken.</p> | <p>Hamneområdet ved Kystkultursenteret er ei av dei tre delhamnene til Bergen Nasjonale Veteranskipshamn (BNV). Dei to andre hamnene er lokalisert til Indre Vågen og i Gamle Bergen. BNV skal samla sett legge til rette for at den store flåten av verna fartøy i Bergen takast i vare. Vestland fylkeskommune vil legge vekt på å finne løysingar som varetek omsynet til kulturmiljøet og behovet for gode hamneforhold for flåten av verna fartøy.</p> |
| <p>Norges<br/>Fiskerimuseum<br/>/Bergen<br/>Kystkultursenter<br/>21.11.2022</p> | <p>Vidare kaibygging: Bergen kommune har planar om å bygge steinkaier rundt heile Tangen. Dette vil auke landarealet noko, gje tryggare kaier til dei større båtane, og kaiplass til besøkande større fartøy. Områdefreding bør ikkje hindre dette.</p>                                 | <p>Det kan opnast for etablering av kai i området rundt «Tangen». Både omfang og utforming må vurderast nøye, og må ikkje vere i konflikt med fredingsføremålet. Tiltak må godkjennast av Vestland fylkeskommune.</p>   |

## Kontakt med eigarar og rettshavarar i fredingssaka

Etter oppstartvarselet har fylkeskommunen vore i kontakt med eller hatt møte med alle eigarane.

Fylkeskommunen har òg hatt fleire møte med Byantikvaren der representantar for Bergen kommune har vore til stades. I møta har partane drøfta kva for konsekvensar den pågåande områdeplanen vil kunne få for områdefredinga og vice versa. Blant temaa har vore konsekvensar av justering av vegtraséen i Sjøgaten, utforming av den planlagde bygningsmassen på Kristiansholm og konsekvensar av ein eventuell molo vest for sjøflyhamna. Byantikvaren ønsker å ha størst mogleg fri sikt frå det freda området ut mot sjøen. Det er òg viktig at dei planlagde bygningane på Kristiansholm får ei utforming som bidreg til at kulturmiljøverdiane blir sikra. Byantikvaren legg vekt på at

ein flytande molo/bølgebrytar vil vere eit betre alternativ enn ein oppmura molo fundamentert på sjøbotnen.

Norges Fiskerimuseum, Bergen Kystkultursenter: Fylkeskommunen har hatt møte med representantar for Norges Fiskerimuseum og Bergen Kystkultursenter, som begge er leigetakarar i høvesvis Sandviksbodene 20/23/24 og 12/16/17. Særleg for kystkultursenteret er det viktig at dei får ei skjerma hamn for dei båtane dei disponerer over. Båttrafikken har auka dei seinare åra, og fartøya er jamt over større enn tidlegare. Båttrafikken set opp stor sjø som er til fare for båtane i hamna. Fiskerimuseet legg vekt på at bølgene frå båttrafikken, men òg hyppigare uvêr, er ei påkjenning på bygningane som ligg i sjøkanten. Begge gjev uttrykk for at det vil vere avgjerande or verksemdene å få ei molo vest for sjøflyhamna, som vist på plankart for områdeplan, plan-ID 1201\_61690000.

Norges Fiskerimuseum og Bergen Kystkultursenter har seinare gjeve eit skriftleg innspel datert 21.11.2022, der dei har gjort greie for behova deira i tilknytning til områdefredinga. Brevet kom inn etter fristen, men fylkeskommunen har likevel valt å kommentere innspelet her.

Inger Marit Sjaastad/John Audun Hauge: Fylkeskommunen har vore på synfaring med John Audun Hauge, som ville ha informasjon om dei praktiske konsekvensane ei freding vil få for dei som eigarar. Mellom anna var han interessert i å få vite omfanget av interiørfreding og kva konsekvensar fredinga vil få for sakshandsaming i samband med vedlikehaldsarbeid.

Villplan (representant for Olav P. Grevstad): Fylkeskommunen var på synfaring med eigars plankonsulent, Villplan, hausten 2022. Dei ville ha ein generell orientering om fredingsforslaget og utsiktene til å utvikle eigedommen vidare. Eigar har vurdert riving av nr. 14, som ikkje er føreslått freda. Villplan opplyste på synfaringa at eigar på det tidspunktet ikkje hadde planar om å bygge på tomta til nr. 14, men i utgangspunktet berre opparbeide uteområdet. Vi har seinare motteke informasjon om at eigar likevel har planar om å bygge på tomta til nr. 14.

## **Fredingsforslag på offentleg ettersyn**

Vestland fylkeskommune utforma deretter eit fredingsforslag på bakgrunn av melding om oppstart og dei innkomne merknadane. Dette blei 20.06.2023 sendt på høyring til partar dette gjeld, jf. kulturminnelova § 22 nr. 2.

Samtidig blei det kunngjort i Bergens Tidene, Bergensavisen og Norsk lysingsblad at fredingsforslaget var lagt ut til offentleg ettersyn i Vestland fylkeskommune.

Det blei gjeve ein frist til 08.09.2023 til å komme med merknadar.

Det kom inn ein merknad til melding om oppstart av fredingssaka, datert 07.09.2023, frå Bergen kommune/Byantikvaren.

## **Merknadane er her kort gjevne att med kommentarar frå fylkeskommunen:**

| <b>Avsendar</b>              | <b>Merknad</b>   | <b>Fylkeskommunen sin behandling av merknad</b>   |
|------------------------------|--|---|
| Bergen kommune<br>07.09.2023 | Byantikvaren etterlyser ei konkretisering av kva som skadar opplevinga av kulturmiljøet, og ønsker at det vert gjort klart kva handlingsrom Bergen kommune og eigarane har i samband med eventuelle tiltak i § 19-området. Byantikvaren ønsker vidare at dei kriteria som skal leggest til grunn blir konkretisert. Dette er viktig for at ansvarstilhøva mellom Bergen kommune og kulturminnemyndet blir eintydig plassert. Etablering av sykkelveg og oppgradering av byromma er nemnt som døme. | Ei freding skal kunne stå seg over svært lang tid, uavhengig av tiltak og pågåande planprosessar. Det er viktig at kulturmiljømyndet har eit tilstrekkeleg stort handlingsrom, over tid, for å kunne utøve fagleg skjønn. Fylkeskommunen meiner at dei føresegnene som ligg i fredingsforslaget er tilstrekkeleg for å sikre at kulturmiljøverdiane blir varetatt. Fylkeskommunen legg vekt på å ha eit godt samarbeid med alle involverte partar i samband med tiltak og planprosessar. Byantikvaren har her ansvar etter plan- og bygningslova, Fylkeskommunen etter kulturminnelova. Det faglege ansvaret er difor klårt definert. |
| Bergen kommune<br>07.09.2023 | Byantikvaren meiner det må kome tydelegare fram i fredingsforslaget at eit tilpassa bygg aust for bod 12-13 («Babylandtomten») er mogeleg, og at det blir lagt føringar og rammar i fredingsvedtaket for eit eventuelt bygg.   | Fylkeskommunen har hatt møte med eigar, arkitekt og plankonsulent om byggeplanane ved bod 12-13, der det vart presentert eit skisseutkast for eit kombinert bustad- og næringsbygg på tomta. Utkastet hadde på førehand vore drøfta med Byantikvaren. Fylkeskommunen vil følgje opp den vidare prosjekteringa, i samarbeid med Byantikvaren.  |

|                                      |   |   |
|--------------------------------------|---|---|
| <p>Bergen kommune<br/>07.09.2023</p> | <p>Byantikvaren peiker på at det er opna for etablering av molo/bølgebrytar i tilknytning til veteranbåthamna framfor bod 24, og meiner at ein molo med utfylling i sjø – i motsetnad til ein ikkje landfast, flytande bølgebrytar vil svekke den tilknyttinga dei freda bygningane har til sjøen. Etter Byantikvarens syn er ei slik løysing ikkje i samsvar med KPA2018, og tek heller ikkje i vare dei nasjonale interessene som er knytt til Sandviken.</p> | <p>På byrjinga av 1800-talet låg dei fleste sjøbuene med sjø på alle kantar, med mindre fartøy bak buene, og med rosettar av flakeskuter i bøyer framfor buene. Med auka båttrafikk og hyppigare uvær har veteranbåtane behov for ei meir beskytta hamn. Det er ein føresetnad at den moloen/ bølgebrytaren som er vist i områdereguleringsplanen berre skal brukast i tilknytning til Veteranbåthamna, og at den får ei nøktern utforming. Fredingsforslaget inneheld ikkje detaljerte krav til eller retningslinjer for konstruksjon og utforming av ein molo/bølgebrytar. Dette er spørsmål som må avklarast i samband med vidare prosjektering.</p> |
| <p>Bergen kommune<br/>07.09.2023</p> | <p>Byantikvaren gjer merksam på at det er oppført ein større konstruksjon på gnr. 168 bnr. 330, inn mot sørsida av Sandviksbodene 12-13. Dette er eit overdekt uteareal knytt til Harbour Brygge &amp; Selskapslokaler. Det er uklart om konstruksjonen er omsøkt. Byantikvaren ber om at områdefredinga utvidast til å omfatte også denne eigedomen, eller at det sikrast i fredinga at tiltak her ikkje er mogeleg.</p>                                       | <p>Etter Vestland fylkeskommunes vurdering er arealet som er sett av til områdefreding etter kulturminnelova § 19 og føresegnene etter § 15 tilstrekkelege til å ta i vare kulturmiljøverdiane, og det er ikkje behov for å utvide fredingsområdet. Det kan vere aktuelt å undersøke om konstruksjonen er lovleg bygd.</p>  |

## Politisk behandling i og vedtak frå kommunen

Med heimel i kulturminnelova § 22 tredje ledd vart forslaget om freding lagt fram for kommunestyret.

Forslag om fredning og innkomne merknader blei sendt til Bergen kommune i brev av 23.10.2023 jf. kulturminnelova § 22 nr. 2. Det blei gjeve ein frist til 31.01.2024 for den politiske fråsegna frå kommunen.

Byrådet handsama saka i møtet 14.12.2023 sak 429/23. Byrådet innstilte til bystyret å fatte følgjande vedtak: Byrådets og utvalets innstilling er likelydande.

Utval for miljø og byutvikling handsama saken i møtet 18.01.2024 sak 7/24 og gav følgjande innstilling: Utvalets innstilling og bystyrets vedtak er likelydende.

Bergen bystyre handsama saka i møtet 31.01.2024 sak 29/24 og fatta følgjande vedtak:

Bergen bystyre sluttar seg til forslag til fredning av Sandviksboder 12-24.

## **Politisk behandling i og vedtak frå fylkeskommunen**

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering handsama saka den 13.03.2024 som sak Forslag om fredning av Sandviksbodene 12–24 gnr. 168 bnr. 332 mfl. – Bergen kommune, og gjorde følgjande vedtak:

1. Vestland fylkeskommune er positiv til forslag om fredning av Sandviksbodene 12–24 i Bergen kommune.
2. Vestland fylkeskommune sender forslaget om fredning over til Riksantikvaren og ber om at det vert gjort vedtak om fredning av Sandviksbodene 12–24 i medhald om lov om kulturminne §§ 15 og 19.

## **Riksantikvarens handsaming av fredingssaka**

Forslag om fredning blei oversendt frå Vestland fylkeskommune til Riksantikvaren 20.03.2024 for å gjere vedtak om fredning.

Riksantikvaren har ved handsaming av saka og ved synfaring vore i dialog med fylkeskommunen, eigarar og leigetakar. Riksantikvaren har vore på synfaringar 11.11.2021 og 31.03.2023.

Riksantikvaren sluttar seg i all hovudsak til Vestland fylkeskommunes fredingsforslag, og har ingen kommentarar utover Vestland fylkeskommunes svar på innspel i saka. Likevel har Riksantikvaren i si handsaming vurdert at deler av dei føreslåtte interiøra ikkje skal omfattast av fredinga. Årsaka til innskrenkinga er at verdiane som ligg til

grunn for fleire av dei føreslåtte interiøra er tekne i vare ved fredinga av hovudkonstruksjonar og innvendige bereveggar. Eigarane er innforstått med endringa av fredinga som gjeld for deira eigedom.

Riksantikvaren har teke følgande rom ut av fredinga:

- 16 rom i Sandviksbod nr. 12-13
- 9 rom i Sandviksbod 15a
- 1 rom i nr. 19a og 1 rom i nr. 19b
- 6 rom i 3. etg. i nr. 20
- 2 rom i nr. 21
- 12 rom i nr. 23 naust
- 6 rom i nr. 24.

Freda interiør går fram av vedlagd dokumentasjon.

## Moglegheit til å klage på vedtaket

Vedtaket om freding kan klagast på innan tre veker frå dette brev er motteke. Eventuell klage blir sendt til Riksantikvaren. Viss klaga ikkje blir teken til følgje, sender de klaga til Klima- og miljødepartementet for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29.

## Tinglysing

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kulturminnelova § 22 nr. 5.

Beste helsing  
Hanna Geiran  
riksantikvar

### Brevet er elektronisk godkjend

Vedlegg: Tabell og planteikningar over interiørfreda rom, dokumentasjonsvedlegg 1, dokumentasjonsvedlegg 2, dispensasjonsveilederen, skrivet 'Å eie et fredet hus'

Kopi til: Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO/  
Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN

| Mottakar       | Kontaktperson | Adresse       | Post        |
|----------------|---------------|---------------|-------------|
| Bergen kommune |               | Postboks 7700 | 5020 BERGEN |